



Aurland kommune
Samfunnsutvikling avd. forvaltning

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2023/1280-13	Jan Olav Møller	26.03.2024

Høyringsuttale 201400584 - Høyring av revisjonsdokumentet for reguleringskonsesjonene for Aurlandsvassdraget

Saka gjeld uttale frå Aurland kommune, org.nr 964 968 063, til revisjon av konsesjonsvilkår for Aurlandsvassdraget. Kommunestyret har i møte 21.03.2024, sak 19/24, handsama saka.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024:

Aurland kommune legg til grunn at nye vilkår har ein god balanse mellom kraftproduksjon og tiltak som betrar miljøet i Aurlandsvassdraget.

Tiltak som har god effekt for å nå miljømål utan at det særleg grad fører til krafttap bør ha prioritet.

Aurland kommune legg til grunn at standardvilkår for vassdragsreguleringar også vert sett for Aurlandsvassdraget. Desse vil omfatta dei fleste tiltak for å oppretthalde eit akseptabelt vassmiljø, gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar, utsetting av fisk både i vassdraga og i magasina, samt biotoptiltak for å auka overlevelse. I tillegg bør det ut frå eit miljøfagleg synspunkt, fastsettast akseptabel minstevassføring i vassdraga som tilrådd i rapportar som ligg til grunn for revisjonsdokumentet. Aurland kommune forventar at det i revisjonsarbeidet vert teke omsyn til Aurlandsvassdraget som leveområde for laks og sjøaure, samt vassmiljø og fjellaure i magasina. Det vert vist til fleire og utfyllande punkt i vurderinga i sakspapira i høve vassforskrifta, fisk og dyreliv som må ivaretakast.

Aurland kommune stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella og ber om at hovudmomenta referert til i vurderinga vert teke med i vilkåra.

Det bør opprettast eit fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond i kommunen som regulat/utbyggjar pliktar å årleg innbetale eit beløp til, i tillegg til at kommunen setter av ei årleg sum. Midlane kan nyttast til auka tilgjenge til fiske-, vilt-, friluftsliv og beiteressursane og kome ålmenta til gode.

Regulant/utbyggjar blir pålagt å innbetale eit beløp til eit villreinfond for tilretteleggingstiltak for villrein. Eit slikt fond bør også tilførast midlar frå andre partar i eit spleiselag. Dette vil sikre brei medverknad og oppslutning kring tilrettelegging, istandsetting og ivaretaking av leve- og trekkeområda til villreinen

Aurland kommune syner elles til utfyllande punkt i vurdering i saksutgreiinga.

Aurland kommune er positiv til dei skisserte prosjekta for Låvi Kraftverk Vilårsrevisjonen må sjåast i samanheng med oppgraderingsarbeid ved Nyhellerdammen og føreslegne tiltak i «Tiltaksplan for Nordfjella i samband med Kvalitetsnorm for Villrein» for å realisere landbru over Nyhellervatnet. Dette vil gjenopprette ei trekkroute for villreinen som vart sperra av neddemminga.

Reguleringa av Aurlandsvassdraget er viktig med tanke på flaumsikring. Overføring av vatn frå Vindedalselvi til Viddalsmagasinet kan redusere flaumfaren også i Flåmsvassdraget, og er difor eit tiltak som det bør arbeidast vidare med.

NVE må sørge for at vilkår i andre vilårsrevisjonar i det same villreinområdet må sjåast i samanheng når det gjeld framtidige krav og forventningar til utbyggjar/regulant.

*

Sjå vedlagd sakspapir 19/24 med saksutgreiing og vurderingar som er lagt til grunn for vedtaket, samt protokoll frå handsaminga i Formannskapet og Kommunestyre.

Med helsing

Jan Olav Møller

nestleiar/avdelingsleiar Samfunnsutvikling

avd. forvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signatur

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll Uttale - Regulering av Aurlandsvassdraget - revisjon av konsesjonsvilkår

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE